



Jan Fauskanger  
INDRE HAUGSDAL 235  
5984 Matredal

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/176 - 23/6255

Sakshandsamar:  
Ottar Myrtveit  
ottar.myrtveit@masfjorden.kommune.no

Dato:  
28.06.2023

## Melding om delegert vedtak - søknad om landingsløyve for helikopter ved felles jakthytte for vald 17 midtre Haugsdal.

Vi syner til søknad motteke den 28.06.2023

Dersom du er part i saka med klagerett vil du også få vedlagt saksutgreiinga.

### **Administrativt vedtak. Saknr: 058/2023**

Masfjorden kommune gjev midtre Haugsdal jaktvald v/Jan Fauskanger og Ole Tverberg landingsløyve ved jakthyttta til vald 17-midtre Haugsdal på Kalvikfjellet i Masfjorden kommune på desse vilkår.

- Løyvet gjeld for tur og retur i perioden frå: 01.07.2023 – 01.08.2023 og 1 hiv.
- Løyvet skal vere med i fartøyet under oppdrag
- Masfjorden kommune skal ha melding om endeleg dato for flyginga når dette er fastsett.
- Airlift skal varslast om vedtaket

Heimel: Lov om motorferdsel i utmark § 6

### *Klagerett:*

*Masfjorden kommune gjer merksam på at det er klagerett (fvl. §28) på dette vedtaket. Klage må sendast innan 3 veker. (fvl. §29)*

## Saksutgreiing:

### 1. Bakgrunn

Midtre Haugsdal jaktvald 4634V0017 v/Jan Fauskanger og leiar Ole Tverberg, søker om landingsløyve for helikopter begrensa til området til vald 17 midtre Haugsdal.

Søkjær skriv: *Me søker med dette om løyve til å landa med ett hiv ved jakthytta vår på Kalvikfjellet.*

*BKK skal ha flyging rett over der onsdag 5. juli. Dei nyttar Airlift og har mange oppdrag i området denne dagen.*

*Det er heilt nødvendig vedlikehold som trengs på hytta, og viktig at me får hengt oss på denne muligheten når BKK skal ha flyging.*

### 2. Uttale

Søknaden må handsamast etter lov om motorferdsel i utmark § 6: ”Når særlege grunner foreligger, kan kommunen gi tillatelse til bruk av motorfartøy eller luftfartøy som ellers ikke kan finne sted etter denne lov eller med hjemmel i loven. Tillatelse etter første ledd kan gis for bestemte høve eller for bestemt tidsrom. Kommunen kan sette vilkår for tillatelsen.”

Masfjorden kommune har som praksis å gje løyve til helikoptertransport ved bygging/vedlikehald av hytte/stølshus når avstandane er store, og det er vanskeleg med andre løysingar. Andre løysingar enn helikopter er eit alternativ men vil vere vanskeleg. Bruk av anna motoriserte køyrety vil med stort sannsyn medføre vesentlege sår i terrenget. Det aktuelle området sine naturverdiar, og for viltet skal ein og ta omsyn. Ein har likevel ikkje kjennskap til informasjon som tilseier at landing i dette tilfellet får uheldige konsekvensar for dyreliv og biologisk mangfald. Kommunen meiner at det føreligg ein særleg grunn, jf. § 6 i lov om motorferdsel i utmark og vassdrag. Aktuelle berørte grunneigarar skal varslast om vedtaket. Søkjær er ansvarleg for at landingsplassen er forsvarleg avstengt og sikra for utanforståande. Det skal flygast 1 hiv og det vert opplyst at der er ei ytterdør som skal opp.

### 3. Fakta

Grunna den lange avstanden og vekt på ei ytterdør til nødvendig vedlikehold gjeve løyve til. Det skal flygast likevel same dag i området.

### 4. Vurdering

Kommunen godkjenner søknaden sjølv om den kunne vore noko meir utfyllande og presis. Med dei hensyn som går fram av vedtaket og i uttalen vil vedtaket vera i tråd med gjeldande regelverk som er nytta.

### 5. Konklusjon

Sjå vedtak

Med helsing

Ottar Myrtveit  
landbruksrettleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur*

**Mottakarar:**

Jan Fauskanger

INDRE HAUGSDAL 5984  
235

Matredal

Ole Tverberg

Kleivdalsvegen 5915  
40b

Hjelmås